



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim og Radøy	Kristine Skaiaa Born
Arkivnr.:	16/235	Dokumentnr.: 16/1628

Endring av "Retningslinjer for viltfondet"

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Retningslinjer for viltfondet i Radøy vart vedtatt i kommunestyret 17/09/2009. Etter dette er det ikkje gjort endringer i retningslinjene og dei har vore nytta i varierende grad.

«Forskrift for kommunle viltfond og fellingsavgift for elg og hjort» vart i 2011 erstatta av «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort» vedtatt av Klima- og miljødepartementet som trådte i kraft 1/6/2011.

Underutvalet for vilt- og innlandsfiske som har søknader om viltfondsmidler til høyring ønskjer å gjennopta bruken av retningslinjene, lage eige søknadskjema og oppdatere kommunens nettsider på tema. Dei har og gjort 2 små endringer i dei nåverande retningslinjene under punk 5 og 6.

Vurdering

Viltfondet i Radøy kommune er relativt stort og krever gode retningslinjer for å forvaltes på ein god og fremtidsretta måte. Konkretisering og oppdatering av retningslinjene vil gje ein likare og betre forvaltning av midlane.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fremlegg til nye retningslinjer for viltfondet i Radøy kommune vert vedtatt slik dei ligg føre.

Vedlagte saksdokument:

Retningslinjer for viltfondet i Radøy kommune

49248

05.02.2016